

## Referat frå styremøte på A bit of Norway, Kvittfjelltunet, Fåvang måndag 18/03 2024 kl. 11.00-16.00

**Desse møtte:** Frode Rudland, Jonny Mathisen, Irene Amundgård, Helge Nordlien, Kristin M. Kongelf og Pål Kjørstad

Forfall: Kjell Gudmund Svien, Svanhild G. Holden og Even Sjurrud

### Sak 40/2024: Referatsaker

- Referat frå styremøte 06/03 2024 på Teams, send ut i mail 08/03 2024
- Årsmøte Innlandet Bondelag 13.-14/03 2024 på Hamar, ingen frå oss deltok
- Årsmøte i NSG 13.-14/03 2024, Frode, Kjell Gudmund, Jonny og Svanhild deltok
- Tlf. og mail frå Strand på Gjøvik angående skifte av årsmøtehelg til 28/02-02/03 2025
- Møte om elektronisk beitestyring i Gudbrandsdalen 15/03 2024 på Vinstra, Pål møtte
- Mail 08/03 2024: Viktige fristar for gjetarhundlaga/nemndene frå NSG
- Mail 14/03: Sakliste til avlsrådsmøte 19.-20/03 2024 frå NSG
- Mail 15/03: Referat frå Gjetarhundrådet i NSG
- 

### Vedtak i saka:

- Referatet frå styremøte 06/03 2024 vart godkjent
- Årsmøtehelga vår i 2025 vart vedteke flytta til 28/02-02/03 etter ønskje frå Strand. Pål varslar Hedmark Sau og Geit om det
- Anna informasjon vart teke til orientering

### Sak 41/2024: Årsmøte NSG 2024 – info frå møtet

- Ny dagleg leiar var framoverlent, men treng nok å ha godt tolmod
- Gjennomgang av val: Her vart det attval på det meste. Val av ny valnemnd i NSG vart ei utfordring, da region øst ikkje var einige. Pål Kjørstad vart vald med 26 mot 16 stemmer, og vart i tillegg nestleiar i valkomiteen
- Sak om seminastasjon: Seminastasjon vart framlagt med utsetjingsforslag frå styret i NSG til neste årsmøte, dette forslaget fekk fleirtal og saka vart difor ikkje diskutert grundig slik mange ville. Det vart såpass høg støy kring dette at utsending på møtet trekte seg som medlem i NSG. Dei sterkaste røystene ville ha eit vedtak om å bygge ny seminastasjon fort. Styret har ikkje i dag ei avtale med Staur på plass, men har eit skriftleg tilbod på 10-årsavtale, som kan seiast opp etter 5 år, men ein må da betala for 6 år
- Jordbruksforhandlingar: Oppland sitt framlegg vart ikkje nemnt, og representantane våre var generelt skuffa over kva NSG hadde gjort i saka, særleg m.o.t. konkrete satsar
- Jonny uttrykte seg generelt skuffa over NSG og årsmøtet, sakna konkrete svar på spørsmål som vart stilt og var bekymra for heile NSG, som verkar delvis fråverande
- Utsendingane hadde ein del kontakt og samarbeid m. bl.a. Møre og Romsdal - og Rogaland Sau og Geit på årsmøtet, og var einige om å fortsetja samarbeidet med møter i 2024 om bestemte tema

### Vedtak i saka:

- Informasjonen vart teke til orientering
- Møteplanen vart oppdatert under sak 42/2024

## Sak 42/2024: Arbeidsplan, møteplan, organisering og fadderordning

### - Fadder m/lokallag, arbeidsåret 2024/25:

- Frode Rudland: Vestre Toten, Østre Toten og Toten III
- Kjell Gudmund Svien: Hadeland, Nordre Land, Kolbu og Slidre
- Jonny Mathisen: Lesja, Ringeby, Fåvang og Sør-Fron
- Svanhild Holden: Vang, Nord-Aurdal og Sør-Aurdal
- Irene Amundgård: Skjåk, Lom, Sel, Heidal, Vågå og Dovre
- Helge Nordlien: Øyer-Tretten, Snerthingdal og Biri
- Kristin: Søndre Land, Fåberg og Gausdal og Etnedal
- Even Sjurrud: Nord-Fron, Vardal
- Dei frammøtte i styret gjekk i gjennom lokallaga dei hadde hatt kontakt med som fadrar. Av nyheiter nemner vi at Vågå hadde fleire nye brukarar/medlemmar, Heidal hadde fått organisasjonsnr. Biri skulle på utanlandstur, Søndre Land bad om hjelp, Øyer-Tretten er på hugget jmf. sak 47/2024 og 50/2024, Sør-Fron har nokre nye som vil ordna opp i eit nytt styre og Ringeby og Fåvang tenkjer på samanslåing.

### - Arbeidsoppgaver innad i styre - Fordeling hovedarbeidsoppgaver:

Frode Rudland: Hovudansvarleg, sakliste styremøte, ansvarleg for at OSG «møter opp»

Kjell Gudmund Svien: Gjetarhund, inkl. samarbeid/oppfølging OGL, medlemsfordelar

Jonny Mathisen: Rovdyr, Oppland Radiobjøllelag

Svanhild Holden: Mjølkegeit, ammegeit, Facebooksida OSG

Irene Amundgård: Utmark, beitelag

Helge Nordlien: Saueavl, andre raser, info til og frå styret i Ring 41

Kristin: Lokallagsdrift m/årshjul, liste over aktuelle arrangement

Even Sjurrud: Rekruttering

Gjennomføre styremøte etter oppsett plan med saker frå/om Ring 41, ORL, geit og OGL

Planlegge kontaktmøte/regionmøter i 2023/24 og seminar/årsmøte i februar 2024

Møtekalender 2024/25:

Dato/Dato frå og til	Møte/arrangement og stad	Deltakarar frå styret/styret
02/01 2024	Teamsmøte m/NSG og utv. fylkeslag	Knut møtte
09/01 2024	Møte m/Nortura på Rudshøgda	Jonny og Pål
10/01 2024	Styremøte OSG i Ringeby m/valkomiteen	Styret i OSG/valkomiteen
12/01 2024	Møte i elektronisk styring av beitedyr	Pål
15/01 2024	Møte i valkomiteen på Teams	Pål, Valkomiteen
17/01 2024	Landbruksråd Innlandet på Honne	Frode
17.-18/01 2024	Seminar «Kampen om utmarka»	Anne og Pål
19/01 2024	Møte på Teams i elektronisk styring av beitedyr	Pål
24/01 2024	Teamsmøte m/sentralt tillitsvalde	Styret i OSG
25/01 2024	Teamsmøte m/HSG om seminaret	Knut og Pål
02/02 2024	Møte m/faglaga i Innlandet/Oppland	Knut og Jonny
04/02 2024	Styremøte på Teams	Styret i OSG
05/02 2024	Informasjonsmøte beiteprosjekt Innlandet m/Morten Tofastrud	Knut, Jonny og Pål
06/02 2024	Møte på Teams m/AgriAnalyse	Pål

09/02 2024	Møte på instruktørkurs - Norske Kadaverhunder m/foredrag på Vinstra	Pål
13/02 2024	Møte på Teams i beiteprosjekt Innlandet m/Gjerdseter/Vallen beitelag	Pål
15/02 2024	Møte på Teams for sentrale tillitsvalde i NSG m/Norges Bondelag	Ola, Jonny, Svanhild og ?
16/02 2024	Møte på Teams i elektronisk styring av beitedyr	Pål
23/02 2024	Styremøte før årsmøtet, med innspel til jordbruksforhandlingane	Styret i OSG
23-25/02 2024	Årsmøte og seminar, Gjøvik	Alle
	Evalueringsmøte NM Ringebu	Jonny, Pål, Lokallaga
	Møte m/Telespor	Jonny og Pål
28/02 2024	Årsmøte Hadeland Sau og Geit	Frode
29/02 2024	Møte med Nord-Fron Landbrukskontor Elektronisk beitestyring Gudbrandsdalen	Pål møtte
02-03/03 2024	Felleskonferanse/årsmøte OBS	Frode møtte 02/03 2024
03/03 og/eller 04/03 2024	Fjellbeiteprosjektet, Fagernes eller Heggenes	Kjell G. møtte 04/03 2024
04/03 2024	Evalueringsmøte beitebruk Midt-Gudbrandsdalen, Sør-Fron, foredrag	Pål møtte
05/03 2024	Grovfôralliansen	Frode møter
06/03 2024	Styremøte OSG på Teams	Styret i OSG
08/03 2024	Elektronisk beitestyring Gudbrandsdalen på Teams	Pål møter
13-14/03 2024	Årsmøte NSG, Gardermoen	Frode, Kjell Gudmund, Jonny og Svahild møtte
13-14/03 2024	Årsmøte Innlandet Bondelag, Hamar	Ingen møtte
15/03 2024	Elektronisk beitestyring, Vinstra	Pål møtte
18/03 2024	Styremøte, Fåvangkroa kl. 11.00	Styret i OSG
20/03 2024	Møte hundeskader, Rudshøgda	Frode og Jonny møter
02/04 2024	Møte m/Leif Arne og Sigbjørn	Pål møter
03/04 2024	Landbruksplan Gudbrandsdalen	Pål møter
09/04 2024	Styremøte på Teams	Styret i OSG
Mai/juni	Styremøte på Teams inkl. m/HSG	Styret i OSG
25/06-27/06 2024	OSG-tur til Stavanger, inkludert styremøte m/Rogaland Sau og Geit	Styret i OSG, inkludert påmeldte medlemmer
Sommar	Styremøte på Teams, viss aktuelt	Styret i OSG
August	Styremøte, fysisk, saman m/Møre og Romsdal Sau og Geit	Styret i OSG
Oktober	Styremøte på Teams	Styret i OSG
November	Leiarmøte kombinert m/75-årsjubileum, Gjøvik	Styret i OSG, lokallagsledere, tidlegare ledere
Desember	Styremøte, fysisk	Styret i OSG
Ikkje bestemt dato	Evalueringsmøte NM Ringebu	Jonny og Pål møter

- Detaljert møteplanen for styremøte i 2024, skal alle vara være med på samtlige møter?
- Fellesmøte m/Rogaland Sau og Geit
- Evalueringmøte NM- Ringeby, v/Jonny og Pål, ansvar Jonny
- Fellesmøte m/Møre og Romsdal Sau og Geit v/Frode, ansvar Frode, fellesmøte haust/styretur
- Presentasjon av nytt styre på Facebook, ansvar Svanhild
- Styret i OSG må rettast opp, styremedlemmer sender personnr. til Pål
- Psykisk helse, lokalt, årsmøteforedrag, mentorordning

#### Vedtak:

- Detaljert møteplanen for nokre av styremøta i 2024 vart vedteke. 1.vara møter på alle møter og 2. og 3. vara møter dersom dei skal og/eller har tid og lyst
- Fellesmøte m/Møre og Romsdal Sau og Geit vart tidsett til august månad, dato bestemmer gjestene
- Fellesmøte m/Rogaland Sau og Geit vart tidsett til 25.-27/06 2024. Det er matfestival i Stavanger den veka. Jonny, Helge og Kristin vart vald til turkomité
- Styret i OSG arbeidar med sakene som er planlagt, spelt inn og som skal takast opp
- Årsmelding OSG er sendt inn, trykkeriet utarbeidar eit utkast nå
- Det skal skrivast eit brev til KLD og LMD m/kopi til rovviltnemnda i sone 3 og sentrale politikarar, der rovviltsituasjonen i gamle Oppland vert dokumentert, ansvar Jonny utsett frist til at rovviltnemnda har konstituert seg den 08/02 2024 og til dei er klar til å delta på møte med OSG og faglaga
- Pål skal ordna ei tekst til medlemsfordelar i NSG jmf. vedtak i sak 3/2024
- Brev til avlsrådet i NSG eller kanskje via Ring 41 om kvalitetar på verar i semin-katalogen er ikkje sendt enda, ansvar Pål frist 01/03
- Breva til NSG vert samanslege med nytt stoff om tankar frå OSG kring NSG i.f.t. årsmøte i NSG
- I brevet til avlsrådet vil styret i OSG også legge til spørsmål om avlen tar vare på dyr med god tilvekst på utmarksbeite/inngjerda utmarksbeite, eller med andre ord ikkje tek med opplysningar frå dyr, som får tilleggsføring

#### **Sak 43/2024: Årshjul/Handbok for lokallag v/Kristin**

- Gjennomgang og utfylling/endringar
- Plan for ferdigstilling og utsending til lokallag
- Vidare distribusjon (NSG)
- I møtet vart «Handboka» diskutert m.o.t. innhald, utsjånad og framtidig bruk/distribuering

#### Vedtak i saka:

- Kristin tok informasjonen som kom fram i møtet, rettar opp dokumentet etter dette og skal senda nytt utkast ut til styret pr. mail
- Dokumentet vert i fyrste omgang laga og distribuert elektronisk til lokallaga i Oppland v/leiar/sekretær og til NSG. Fristen for dette/vedtaket om dette vert avgjort i mail-runde i styret eller seinast på neste Teamsmøte i OSG 09/04 2024

#### **Sak 44/2024: Ny sekretær i OSG v/Jonny og Kjell Gudmund**

- Kor står vi i prosessen? Teksta til utlysinga vart diskutert. Det har meldt seg 2 personar som er interessert i stillinga

- Økonomi i forbindelse med tilsetting av ny sekretær, kan vi lønne to personar ei stund, og/eller kor mykje skal/kan brukast på det?
- Styret i Ring 41 skal koma med innspel i saka i forhold til eventuell felles sekretær

#### Vedtak i saka:

- Stillinga vert utlyst som inntil ei 50% stilling seinast etter styremøte 09/04 2024
- Det kan brukast inntil kr. 50.000,- ekstra i ei overgangsperiode i dette arbeidet
- Dei 3 mest aktuelle søkarane vert invitert til intervju om stillinga
- Overgangsperiode vart tidfesta til seinhaust og vinter, med størst mogleg part lagt til starten av 2025
- Ansvarlege er Kjell Gudmund og Jonny

#### **Sak 45/2024: Oppland Radiobjøllelag**

- Prosjekt Elektronisk beitestyring i Gudbrandsdalen:  
Søknad til Bærekraftfondet (Gjensidige og Norges Bondelag) er sendt  
Søknader om tilskot til tiltak i beiteområde er sendt til kommunane Gausdal, Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron
- Tradisjonell drift av Oppland Radiobjøllelag:  
Søknad om tilskot til tiltak i beiteområde til kommunane Ringebu, Sør-Fron, Nord-Fron, Skjåk, Lom og Lesja er sendt. I tillegg er fellessøknaden til Opplandsdelen av elektronisk overvakingsmidlar frå same tilskot sendt til vertskapskommunen Sør-Fron

#### Vedtak i saka:

- Informasjonen vart teke til orientering

#### **Sak 46/2024: Gjetarhundsaker**

- Rolla til styret i OSG i forhold til styret i OGL og lokallaga under OGL vart diskutert
- Oppland Sau og Geit er ansvarleg organisasjon for Oppland Gjetarhundlag, informerer OGL v/leiar, OSG v/sekretær får informasjon og styre-/møtereferat frå OGL, OSG får kopi av høyringssvar/informasjon OGL har sendt direkte til NSG. I utgangspunktet er den formelle vegen at høyringssvar frå OGL skal sendast til OSG og OSG sender desse vidare til NSG med eller utan endringar gjort av styret i OSG m/kopi til OGL
- I tillegg har OSG vald ein styremedlem, som har ansvar for å oppretta og halda ei meire direkte kontakt til leiar/styret i OGL. Gjetarhundkontakta i styret i OSG skal da informera om slik informasjon og anna relatert informasjon frå organisert gjetarhundarbeid i Oppland til styret i OSG, og på same vis orientera tilbake til OGL.
- OGL og OSG skal svara på ei høyring m/3 spørsmål frå NSG innan 10/04 2024:

#### *Spørsmål 1: Dagens ordning*

- *Beskriv hvilken ordning som er i ditt fylke i dag. Hva fungerer og hva fungerer ikke slik det er i dag?*
- *Beskriv samarbeidet mellom fylkeslaget og lokallagene i Sau og Geit og fylkeslaget/nemd og lokallag gjetarhund i ditt fylke*
- *Hvordan er medlemsdemokratiet organisert, spesielt mht valg av medlemmer til fylkesgjetarhundlag/nemnd?*
- *Hvordan finansieres gjetarhundarbeidet i fylket? Er det f.eks egen kontingent for gjetarhund? Godtgjøres tillitsvalgte i gjetarhund og evt. hvor mye?*

- *Hvordan fungerer kommunikasjonen mellom Sau og Geit og gjeterhund? Er det tydelig og godt kjent tjenestevei? Får alle den informasjonen de trenger? Annet?*

*Spørsmål 2: Endring av dagens ordning der alle fylkesgjeterhundlag skal ha lik struktur underlagt NSGs lagslover:*

- *Gitt nåværende ordning beskrevet i spørsmål 1, hvilke utordringer ser dere ved endring av dagens struktur (endre fra lag til nemnd/nemnd i lag)?*
- *Hvilke forslag har dere til tiltak for å sikre at fylkesgjeterhundlag/nemnd skal ligge under lagslovene?*
- *Hvordan bør ansvarsfordelingen være mellom fylkeslagene i Sau og Geit og gjeterhundlag/nemnd?*

*Spørsmål 3: Ett NSG*

- *Hvordan kan vi sikre god dialog og godt samarbeid mellom NSG sentralt og gjeterhund?*
- *Hvordan kan vi sikre at aktiviteten på gjeterhund (kurs, konkurranser osv.) skjer i regi av NSG, og kommer gjeterhundarbeidet i NSG til gode økonomisk?*

*Svar sendes til daglig leder, Borghild Hillestad (bh@nsg.no), svarfrist 10. april.*

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjon til orientering
- Irene Amundgård tek kontakt med Sverre Tarud for om mogleg at OGL svarar på spørsmåla i god tid og sender svara til OSG v/sekretær og at styret i OSG ser på dei på Teamsmøte 09/04 kl. 20.00 og sendar dei inn til NSG innan fristen 10/04 2024
- Leiar i OGL, Sverre Blessum Tarud, vert invitert til neste styremøte i OSG. Kontaktinformasjon til Sverre er mobil: 959 63 197 og mail: sverre@tarud.no

**Sak 47/2024: Utmark**

- Øyer - Tretten Sau og Geit planlegg beitedag på Hemsetra 30/06 2024 m/innlagt natursti. Fadder Helge er bedd om å koma og ha med eventuelle premier (sau og geit relaterte gåver). I tillegg er dei interessert i å få laga ein informerende beiteplakat (500mm\*1000mm til innbruk på biblioteket i kommunen), som dei sjølve vil sende innspel på kva den skal innhalda
- Jonny m/foredrag og Frode skal møta på møte kring hundeskader på Rudshøgda 20/03 2024

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjon til orientering og bad Helge halda kontakta
- Ut frå kostnad kunne ikkje styret lova nokon store gåver, men tenkjer at nokre beitevestar, NSG-t-skjorter o.l. kan arrangøren få

**Sak 48/2024: Rovvilt**

- I NSG har ikkje utmarksrådet ei einaste sak på gang i 2024
- I OSG er alle vanlege saker aktuelle
- Jervkvota vart som vanleg ikkje teke ut, og gaupekvota er heller ikkje fylt
- Det finns ei regional rovviltkontaktliste i OSG som må oppdaterast. I dag er det Erik Bakken – Region N.G, Jonny Mathisen - Region M.G (leiar), Marthe Lang-Ree – Region S.G, Wenche Rustad Wangen – Region Toten/Hadeland og Geir Harald Fodnes – Region Valdres

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjon til orientering og bad Jonny koma m/utkast til nye medlemmar i utvalet til neste styremøte

**Sak 49/2024: Sauavl**

- Lengre høyringsfristar på saker i saklista for avlsrådsmøter. Lang og komplisert sakliste kjem gjerne berre nokre få dagar før møtet, og avlsrådsrepresentantane får i alle fall ikkje god nok tid til å leggja den fram for styret sine på regionalnivå/ringnivå
- Jonny lurte på om det finns ei liste over tilslagsprosent på kvar seminvær

Vedtak i saka:

- Helge tek saka vidare til Ring 41 og NSG

**Sak 50/2024: Eventuelt**

- Øyer-Tretten vil arrangere klippekurs til hausten, kjem med nærare info om tid/stad og ønskje om tilskot frå oss
- Hedmark Sau og Geit vil gjerne vera meire aktive framfor neste års seminar, og vil gjerne møta OSG om dette før sommaren

Fåvang, 18/03 2024, Pål Kjørstad, sekretær